



Notat

Dato
LEIKANGER, 12.09.2018

Frå: Paal Fosdal

Einar Ulla, SEK

Til:

Kopi til:

Svar - SAK 13/18 Ny personvernlov frå 2018 - Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Eg viser til nemnde sak handsama av kontrollutvalet i møte 3.april d.å. Til grunn for saka låg sju spørsmål som kontrollutvalet ønskte svar på og som fylkesrådmannen orienterte muntleg om. Eg veljer å bruke desse sju spørsmåla som utgangspunkt for statusrapporteringa i dette notatet også:

- 1) Er det nokon som jobbar med ny personvernlov?
- 2) Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personvernopplysningar
- 3) Er det inngått databehandlaravtalar og er desse oppdaterte?
- 4) Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
- 5) Er personvernerklæringa oppdatert?
- 6) Er det innebygd personvern i datasystem?
- 7) Er det vurdert å få venlegsinna hackarar til å teste datasystema?

Ad 1, 2 og 4)

Det overordna ansvaret for GDPR ligg til ass.fylkesrådmann

Marianne Seim, som er personvernombod for Hordaland fylkeskommune (HFK), har fått ansvaret som personvernombod for Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK). Denne løysinga er valt fordi den gir oss høve til å byggje opp felles prosessar, rutinar og system knytt til personvernforordninga (GDPR). Dette er ei teneleg løysing sett i høve til den omstillingssprosessen som dei to fylkeskommunane er inne i. Seim har fått tildelt nødvendige tilgangar i Altinn slik at ho kan ivareta ombodsrolla for vårt fylke.

For å ivareta nokre lokale koordineringspunkt og for at personvernombodet skal ha gode kontaktpunkt i SFFK, har vi peika ut to kontaktpersonar:

- Signe Gudveig Rauboti, jurist i FRM-stab
- Tom Sølve Myklebust, IKT-tenesta

Rauboti har eit særleg ansvar knytt til innmelding av avvik til Datatilsynet etter 72-timarsregelen. Dette i samråd med personvernombodet. Rauboti har fått nødvendige tilgangar i Altinn.

Vi er også i gang med å peike ut nokre koordinatorar/kontaktpersonar for dei store fagsystema. Desse vil vere knytt til den enkelte avdeling og truleg vere samanfallande med det vi i dag omtalar som systemeigarar. Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt.

Det er samla inn grunnlagsmateriale for protokoll over system som lagrar personopplysningar. Dette vart gjort gjennom ein workshop der alle som hadde systemansvar i SFFK deltok. Vi meiner det som her er gjort dekkjer krava som er stilt i artikkel 30 i GDPR, men at noko gjenstår med omsyn til vidare bruk av datagrunnlaget.

Personvernombodet og IKT-kontakt i SFFK vurderer p.t. innkjøp av IKT-basert system for å vidarebehandle datagrunnlaget og for å strukturere rutinar for avviksrapportering og oppdatering av datagrunnlag.

Vi vil framover jobbe vidare saman med Hordaland fylkeskommune for å ferdigstille system og rutinar som sikrar at vi tek i vare det ansvaret som følgjer med GDPR. Til grunn for dette arbeidet ligg ei felles forståing for at vi må byggje opp eit system som er handterbart og som tener oss som organisasjon.

Ad 3)

Som sagt i notat til KU dagsett 12.mars d.å., så har SFFK inngått databehandlaravtalar med dei fleste av dei store leverandørane. Det blir jobba med å få på plass databehandlaravtalar for samtlege. Her vil vi bruke ei felles mal for HFK og SFFK dersom ikkje leverandøren har sin eigen faste mal. Vi må akseptere at store leverandørar ønskjer å følgje sin eigen mal for databehandlaravtale så lenge denne stettar dei krava som ligg i GDPR. Store leverandørar ønskjer ikkje å inngå eit stort tal varierande avtalar basert på lokal ønskje, men vil ha ein avtale som er standardisert og lett å følgje opp.

Ad 5)

SFFK har fleire personvernerklæringer i dag. Desse vil vi oppdatere etter ein felles mal og i tråd med krav i GDPR.

Ad 6)

Dette er eit generelt spørsmål der vi må svare tilsvarende som i notat dagsett 12.mars d.å. SFFK vil gå i dialog med dei eksterne systemleverandørane våre for kartleggje status for innebygd personvern i system som har personopplysningar. Det er også å vente at leverandørane gjer slike-vurderingar og tilpassingar på eige initiativ i og med at GDPR set krav om dette.

Ad 7)

Det har sålangt ikkje vore vurdert å engasjere eksterne hackarar for å gjere systemtestar.

Avsluttande kommentar:

Sidan møtet 3.april d.å. har vi jobba for å få på plass personvernombod og nødvendige kontaktpersonar for å sikre at datagrunnlag for protokoll, formalkrav og rapporteringsplikt blir ivareteke.

Framover vil vi arbeide med rutinar, prosedyrar og avvikssystem, og sikre at vi byggjer opp eit system som saumlaust let seg vidareføre når HFK og SFFK blir slegne saman frå 1.januar 2020. Dette vil ta tid, men eg meiner vi er godt i gang og at det arbeidet vi har gjort til no vil stå seg godt ved eit eventuelt tilsyn frå Datatilsynet.